

Referat elevrådsmøte 11.03.2025

Til stades : Malin miljørettleiar, Linda rektor,

2. steg – Sander og Aron

3.steg - Vilja og Sebastian

4.steg – Jonar og Ailo

5.steg - Julie

6.steg – Kasper og Sara

7.steg - Mathias

- Fortel om resultat på nasjonale prøver, og går gjennom oppfølgingsplanen:

- **Norsk** : elevane må bli betre på å lese lengre tekster, finne riktig informasjon i teksten, finne riktig strategi når dei les, og lese ulike typar tekster (eks. fagtekst, oppskrift, eventyrtekst, tabell)

- **Engelsk** : må bli betre til å lese og skrive lengre tekster på meir enn 200 ord. Må øva på å forstå det ein les, og bli betre på å forstå autentiske tekster. Læraren må bli flinkare til å snakke engelsk i timane med elevane. Læreren skal snakke bare engelsk i timane. Ein blir best i språket med mengdetrening og snakke/høyre språket mest mogleg.

- **Rekning / matte**: må bli flinkare til dei fire rekneartane addisjon, subtraksjon, divisjon, multiplikasjon. Må bli flinkere til praktisk matte og problemløysing. Velja rett strategi. Må bruke meir statistikk og grafiske fremstillingar som tabeller, diagrammer osv.

-Tilbakemeldinga frå elevane om oppfølgingsplanen: Seier ein må følgje litt meir med i timane, då alt læraren vil er at elevane skal lære mest mogleg slik at det blir betre for dei i framtida. Elevane meiner at det er flott at vi har ein oppfølgingsplan.

- Linda fortel om elevundersøkelsa og resultat, vi gjennomgår også oppfølgingsplanen.

- **Fokusområder for oppfølging her på Spildepollen:**

* **Trivsel på skulen** – organisere vaksenstyrt leik i friminutt, elevmedverknad på tema/grupper i leiketimen, modellere for elevane kva som er bra på skulen (benevning), elevaktivitet i timene (pauseaktivitet).

* **Medverknad i vurdering av eget arbeid** – strukturere timene etter vurdering for læring: mål-kriterie – metode, vurdering. Oppsummere timene. Gruppere elevene etter nivå og/eller behov. Gje konkret undervisningsvurdering og framovermelding. La elevane bli høyrte når ein utformar mål, metode, kriterie og vurdering. Nytte kameratvurdering og læringsvenn.

* **Kor godt elevene liker skulearbeidet** - Lærarane skal vere engasjert når de underviser. Elevane skal bli forklart kvifor tema er viktig (relevant). Undervisninga skal vere variert. Undervisninga skal være tilpasse elevanes forutsetningar (nivå).

* **Arbeidsro i timane** – bruke classroom management, bruke classroom screen, aktivt bruke DUÅ – reglene og strategiane, tydelege og synlege konsekvensar (ordensreglementet).

* **Vaksne som bryr seg** – alle vaksne ved skulen skal jobba relasjonelt heile tida : i timane, i friminuttane, ved overgangar. Ein skal framsnakke andre vaksne og elevar.

* **faglege utfordringar** – elevane skal ha arbeidsoppgåver dei kan meistre, elevane skal ha arbeidsoppgåver der dei kan møte utfordringar, nivåinndelt stasjonsundervisning

* **mobbing frå medelever og vaksne** – alle vaksne ved skulen skal jobbe etter paragraf 12-4 i opplæringslova. Alle vaksne ved skulen skal få opplæring i kva opplæringslova seier om elevane sitt skolemiljø og kva plikter dei har, samt kva rutinar som gjeld på skulen. Vaksne på skulen skal omtale og behandle elevar som om foreldre var til stades.

- tilbakemeldingar om planen frå elevane : synest den er bra og at det er flott at vi har en plan.

- Elevrådet pleier å kåre tre teikninga som får en premie, og som skal i 17.mai heftet, men i år blir det i utgangspunktet ikkje slik. Komiteen seier at de bare har peng til ein premie. Dette synest elevrådet var dumt, så dei kom fram til ein god løysning. 17 mai komiteen betaler fyrste premien, og elevrådet står for andre og tredje premien.

- **Miljøet på skulen i dag? Og andre tilbakemeldinger/saker:**

2.steg: Alt er bra, matten er bra.

3.steg: maten er bra.

6.steg: ikkje slå, vere snill med kvarandre, ikkje løpe ut av klasserommet, ha respekt for tingene, mobbing /stygge ord og krenking fører til dårleg skulemiljø, alle må følge skulereglane.

4 steg: Ikkje kaste boss ute, fleire boss. Morgonsamling oftare. Ingen mobbing eller krenking. Slå hardare ned på mobbing. ingen banning. Ha litt ryddigare klasserom og garderober. Ha fleir arrangement med heile skulen.

5.steg: ikkje leke sloss, respekt for andre og skulen sine ting, vere snill mot andre og ikkje mobbe.

7.steg:

Torsdag 13.03.2025 kl 18 skal det vere SU (samarbeidsutvalg) og SMU (skulemiljøutvalg) møte. To representantar frå kommunen, to fra lærerne, to fra andre tilsette, to fra foreldrene, to fra elevane. Dei elevane som pleier å vere med er dei to eldste fra elevrådet. Mathias og Olav.

Referent : Malin Tellnes Kvammen (Miljørettleder).